

---

**Fra:** Larissa Dahl  
**Sendt:** 5. september 2019 13:35  
**Til:** 'byggmester.espetvedt@gmail.com'  
**Kopi:** 'bjorsvill@hotmail.com'  
**Emne:** Trong for opplysningar i byggesak 18/2302 gbnr 51/18

Hei!

Vi viser til søknad om riving av fritidsbustad og oppføring av einebustad på gbnr 51/18 Landsvik motteke 20.08.19.

Det er satt en del vilkår i dispensasjonsvedtaket PS 08/2019 av 08.01.19 (sjå nedanfor), 2 siste av desse vilkår er ikkje på plass:

**Viss det blir gitt dispensasjon som omsøkt, må det søkjast om følgjande:**

- Løyve til riving av eksisterande fritidsbustad, jf. pbl kap. 20.
- Løyve til oppføring av heilårsbustad, jf. pbl kap. 20.
- Løyve til opparbeiding av tilkomstveg, jf. pbl kap. 20.
- Løyve til utvida bruk av avkjøring til kommunal veg, jf. veglova § 40.

Det er fleire opplysningar vi må ha for å handsama saken:

1. Vegtilkomst til bustad via gbnr 51/43 må takast med i søknaden. Sjølv om det står i samtykke frå eigar av gbnr 51/43 at eigar av gbnr 51/18 få løyve til å bruke eksisterande veg, vegen ble ikkje omsøkt etter plan- og bygningslova. Vi krev søknad, erklæring om ansvarsrettar for PRO/UTF veg, snitt-profilteikningar, situasjonskart som viser veg i målestokk.
2. Det skal søkjast om utvidet bruk av eksisterende avkjørsel frå kommunal veg, siden det rivast hytte og oppførast heilårsbustad.
3. Det må fyllast ut ansvarsområde for røretak Trond Heggdal AS. Det er både sjølvbyggjar og Trond Heggdal as som har søkt om same ansvarsområde- UYF grunn –og terrengarbeid ifølgje gjennomføringsplan.
4. Det må oppgis planeringshøgde og mønehøgde på bustad.
5. Det skal foretas kontroll av plassering av bustad av godkjent foretak før det kan gis ferdigattest.
6. Lindås rør & sanitær as sendte to kart inn, et av dem viser VA-forhold på gbnr 51/144 med eigar Bergen Kontaktsenter Stiftelse. Det står at slamavskiljar skal koples frå og gbnr 51/144skal koplast til kommunal avløp også. Dette er urelevant i denne saka, så det må søkjast i egen søknad for gbnr 51/144.
7. Det er uklart hvem som skal ha ansvarsrett for uavhengig kontroll for lufttetthet og våtrom.

Det er satt frist til 05.10.19 for å komme med opplysningar i saka.

Med vennleg helsing

Larissa Dahl

Rådgiver Plan- utbygging og kommunal teknikk



**Meland kommune**  
- Eit samfunn for alle -